


# Bygstad skule

«Ein skule med trygge rammer som har gode fasilitetar både ute og inne til å drive ein god skule på elevane sine premisser» - Rektor, Stian Neset.



## Dagens organisering

### Elevtalsutvikling og kapasitetsutnytting




	23/24	28/29	43/44	Endring
Elevtal	94	80	82	-12
Kapasitet	120			
Kapasitetsutnytting i prosent	78%	67%	68%	
Ledig kapasitet	102			
Gjennomsnittleg klassestorleik	13,4			
Gruppestørrelse 1.-4. (Norm 15)	8,6			
Gruppestørrelse 5.-7. (Norm 20)	12,3			
Barn i SFO	22 av 45 som utgjør 49%			

### Vedlegg 3 Bemanning

Lærarårsverk	11,04
Leiingsressurs årsverk	0,92
Snittalder	50
Kompetansebehov - kva manglar vi?	Manglar fagkompetanse på mat og helse.

### Økonomi

Rekneskap 2022	kr	11 114 211
Budsjett 2023	kr	12 130 361
Rekneskap 2023	kr	11 662 631
Budsjett 23 utan SFO	kr	11 619 329
Rekneskap 23 utan SFO	kr	11 251 923
Rekneskap 23 utan SFO pr. elev	kr	119 701



### Tilbod og utvikling i skulekrinsen

Barnehagar i skulekrinsen	Bygstad barnehage (kommunal)
Tilknytning til andre tenestetilbod	Nyetablert idrettshall i ved skulen.
Bustad og næring	Bygstad har rikeleg kapasitet i planverket til å støtte bustadbehovet. Det er lagt opp til å etablere eit bustadfelt i tilknytning til sentrum, men krev regulering. Det er ikkje sett av nye områder til næring i Bygstad. Det er fortettingsmoglegheiter i sentrum.

### Bygningsmasse

Byggjeår	1999
Bruksareal	2392 m <sup>2</sup>
Teknisk stand /oppgraderingbehov	God tilstand. Behov for utvendig vedlikehald, snart behov for takskift. Gjentekne lekkasjar på sirkulasjonsledning tappevatn, må oppgraderast.

### Andre forhold

Avstand Førde sentrum	20 km
Avstand til Sande skule	17 km
Forhold ved skulevegen	28 elevar har i dag skuleskyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Dette utløyser kommunale skysskostnadar på 185.000 kr årleg.
Særeigne forhold ved skulen	Nyetablert hall i tilknytning til skulen.



## Tilbakemeldingar frå foreldre, tilsette og andre interessentar

### Det pedagogiske tilbodet

#### *Dette er vi tilfreds med*

- God kompetanse på dei digitale plattformene og i basisfaga samt praktisk-estetiske fag.
- God overgang frå barnehage til skule med fadderordning som sikrar trygge førsteklasingar.
- Elevane får møte kvarandre på tvers av trinn, som fremjar eit trygt og inkluderande miljø.
- Generelt godt miljø der elevane kjenner kvarandre godt.
- Elevane har tilgang til digitale hjelpemiddel.
- Få mobbesaker.
- God utnytting av to-lærarøker i klasserommet.

#### *Forbetringsområder*

- Det er eit behov for vidareutdanning hos lærarane for å møte kompetansekrav, særleg sidan nyutdanna lærarar kjem med ein snevrare utdanning enn tidlegare.
- Ved sjukefråvær og permisjonar er det krevjande å få tak i kvalifisert personale, og det går først ut over barn med særlege behov.

### Organisasjonsmessige forhold

#### *Dette er vi tilfreds med*

- Passelege klasseromstørrelsar gir rom for tett oppfølging og eit godt klassemiljø.
- Fysisk tilrettelegging og kompetansegrupper fungerer godt for elevar med særlege behov.
- Passelege store klassar som legg til rette for god oppfølging av kvar elev.
- God kontakt og samhandling mellom skule og heim.
- Hensiktsmessig organisering av skuledagane.
- Elevane får byte skule ved eit gunstig tidpunkt etter avslutta mellomsteg.

#### *Forbetringsområder*

- Styrking av overgangen frå barneskule til ungdomsskule kunne gitt betre fagleg og sosial kontinuitet.
- Ved fråfall av vaksne kan elevar med særlege behov oppleve negative konsekvensar.

### Skulen i lokalsamfunnet

#### *Dette er vi tilfreds med*

- Skulen er eit sterkt og positivt sentrum i lokalsamfunnet, med god involvering i lokale arrangement og sterk dugnadsånd.
- Skulen nyttar lokalsamfunnet aktivt i undervisinga og fungerer som eit naturleg samlingspunkt.

#### *Forbetringsområder*

- For å unngå negative påverknader ved strukturendringar, må det fokuserast på å behalde skulen som eit lokalt samlingspunkt, særleg for dei yngste.



### *Vedlegg 3*

## **Andre innspel**

- Skulen er anerkjent som ein viktig arbeidsplass og eit sosialt senter i bygda.
- Elevane sin stemme blir høyrte og verdsett, og dei opplever å bli sett og ivaretekne.
- Handtering av strukturendringar må gjerast med omsyn til dei yngste elevane og lokalsamfunnet.
- Mindre elevgrupper i lågare trinn kan vurderast for å bevare kvaliteten i undervisninga.
- Skulen og personalet er sett på som stabile og kompetente.
- Det er ein positiv trend med tanke på tilflytting og framtidsoptimisme i lokalsamfunnet.
- Skulen bør behalde sin plass og storleik for å oppretthalde sin viktige rolle.

## **Prosjektgruppa si oppsummering Bygstad skule**

### **No-situasjonen**

Framskrivningane for Bygstad skule syner at elevtalet vil gå ned mot 67 elevar i 2035, ein trend som vert bekrefta at folkeregistrerte barn i skulekrinsen som er i barnehagealder. Elevtalet er veta å stige att til 82 elevar i 2043. Størrelsen på skulen i dag, med 94 elevar, gjer til at ein ikkje har grupper som ligg nærme norma, 8,6 på 1.-4. steg og 12,3 på 5.-7. steg. Norma er høvesvis 15 og 20.

Skulen utnyttar i dag 78% av kapasiteten. I 2035 vil denne utnyttinga ligge på 56%.

Det er god dekning av godkjent lærarkompetanse på skulen, men det bli meldt om utfordringar med å rekruttere kontaktlærarar på 1.-4. steg.

Foreldre og tilsette er nøgd med dagens organisering av skulen, og vurderer små grupper som ei styrke i oppfølginga av elevane.

I 2023 var kostnaden per elev 119 701 kr, og det er ikkje medrekna skuleskyss eller SFO.

Skulevegane kring skulen er utfordrande, og det er stor del av elevmassen som har skuleskyss. 57 elevar får skyss grunna avstand, og 28 elevar grunna kommunale vedtak. 85 av 94 elevar (90%) er dermed avhengig av skuleskyss.

### **Kva kan dette bety for skulen i framtida**

#### *Pedagogisk*

- Som på dei fleste skular med 1.-4. steg kan det bli krevjande å få tak i kompetent personell på Bygstad skule, dersom rekrutteringssituasjonen i Sunnfjord kommune held fram slik utviklinga har vore. Dette har samband med at færre tek grunnskulelærarutdanning for 1.-7., som gjer til at det er vanskeleg å hente inn ny kompetanse på området. Dette kjem i tillegg til generell nedgang i tal studentar på lærarutdanningane.

#### *Organisering*

- Det kan bli naudsynt å slå saman klassesteg, og organisere Bygstad skule som ein fådelt skule om ein ikkje gjer andre meir inngripande strukturgrep. Skulen gir uttrykk for at dei allereie i dag har godt samarbeid på tvers av trinna, noko som er eit godt utgangspunkt for ei slik omorganisering.



### *Vedlegg 3*

- Helsesjukesleiarressursen blir mellom anna fordelt etter tal elevar på skulen. Ved nedgang i elevtal vil dermed denne ressursen bli redusert på Bygstad skule, om ein legg dagens fordelingsmodell til grunn.
- Med gratis kjernetid i SFO for stadig fleire elevar, er det ikkje noko grunn til å tru at tilbodet vil ha dårleg belegg. I dag er det 22 av 46 elevar som nyttar tilbodet, eit tal som truleg vil auke når det blir gratis kjernetid for 3.steget hausten 2024.
- Bygstad skule er i utgangspunktet ein liten skule, og ein prosentvis nedgang på 30% (fram til 2035) står fram som betydeleg og utgjer 27 elevar, i snitt 3,8 elevar i kvar klasse.

### *Strukturelle endringar*

- Dersom det skal vurderast strukturelle endringar ved Bygstad skule bør ein sjå på kringsgrensene og kva moglegheiter som er knytt til Sande og Halbrend skule.
- Etablering av oppveksttun er òg eit alternativ, då reduserte barnetal truleg også vil påverke barnehagen. På denne måten kunne ein sikra eit lokalt tilbod for dei minste elevane 1.-4. i samdrift med barnehagen i dagens skulebygg.

For utfyllande detaljar sjå innspel som har komme inn i saka.

